



MEDLEMSBREV NR. 1 – 2017

Kjære medlem, www.olavslettoselskapet.no er alltid oppdatert, men siden ikkje alle medlemmer i Olav Sletto-selskapet er på nett, deler styret aktivitetane i selskapet også på gammelmanns måte, her fyrste halvår 2017.

Aktivitetar fyrste halvår 2017

Årsmøte 21. april 2017

Kåre Olav Solhjell minna

Kåre Olav Solhjell, tidlegare mangeårig styremedlem og ven, vart minna med ord av Arne Skogheim og eitt minuttstille før gjenomgangen av årsmøtesakene.

Årsmøtet vart helde på Vika velferdssenter i Hol, med 18 frammøtte, som var vel nögd med styret sitt arbeid, både det daglege og det strategiske. Styret fekk full støtte for sin måte å handsame ei gave fra Olav Randen/Boksmia forlag, som gir restopplaget av dei to bøkene Boksmia har vore forlag for til Olav Sletto-selskapet ("Per Gjetar" og boka om Anne Sletto). Styret vart dertil bedt om å sende brev til Boksmia og takke for gaven (sjå protokollen for fleire detaljar).

Rekneskap og arbeidsplan 2017 vart samråystes godkjent, liksom val av nytt styremedlem (Inger Grostølen) og vara (Kjell Snerte) vart godkjent. Protokollen ligg her: www.olavslettoselskapet.no

Årsmøtet godkjente arbeidsplanen for 2017, og støtta styret sitt arbeid med å byggje opp ei ressursgruppe av forskrarar og andre med interesse

for Olav Slettos liv og dikting rundt styret. Leiaren takka avtropande styremedlem (Odd Oleivsgard) og varamedlemmer (Inger Grostølen) og ynskte nye (Inger Grostølen – styremedlem og Kjell Snerte – vara) velkomen i flokken. Ho og styret var takksam for all støtte årsmøtet ga styret i sitt daglege og strategiske arbeid til beste for Olav Sletto-selskapet.



Arild Mikkelsen. Foto: E. Almhjell

Etter årsmøtet tala **Arild Mikkelsen**, medlem i Olav Sletto-selskapet, tidlegare folkehøgskule-rektor, forfattar – no pensjonist, om Olav Sletto og folkehøgskulen var langt på veg sjølve livet for Sletto. Mikkelsen la m.a. til grunn Sletto-taler, som no er digitalisert, om hans syn på folkehøgskulen. Dette var heilt nytt stoff for den røynde rektor og forfattar, som han fann sers interessant! Olav Sletto var i sitt arbeid som lærar/rektor i folkehøgskulen inspirert av antikkens Pythagoras og Platon, og nyare tyske filosofar som Hegel og Fichte, men først og fremst kjenner Mikkelsen att Grundtvig i Slettos lærings- og dannningsfilosofi. Sletto henta imidlertid også inspirasjon frå USA og Polen! Oppseding av ungdom må ta sitt utgangspunkt i det nære og konkrete (jorda) og gå vegen frå handa til hovudet, der åndens føredlinga finn stad. Olav Sletto gir i liten grad referanser til dei han sjølv lærer av i det han tenkjer og skriv. Han ville vera sin eigen profet, seier åndsfrenden Alf Larsen. Difor må den som leitar hjå Sletto ha stor kunnskap for å forstå kvar Sletto hentar sine tankar frå. Det gjorde Mikkelsen! Ein lærerik og god time, dette!

Digitalisering av Sletto-arkivet

Arbeidet pågår for fullt. Eit par av arkivboksane er alt ferdig, og Alf Larsens mange brev til Sletto er under transkribering. I soga om kjærleiken mellom Olav og Karin Sletto er vi no komne fram til 1912, tida då dei planlegg, byggjer og flyt inn i ny heim,

”Vesleheimen”, på Vollen i Asker. Her bur dei i åra 1912-1917, og her kom tre av fire barn til verda.



Inga Falsen Gjerdrum eigde i si tid det kvite huset midt i bildet. Her budde Olav Sletto sommaren 1909.

Foto: E. Almhjell

Befaring i Inga Falsen Gjerdrums vei i Asker

Eva Almhjell har vitja Asker Museum og vore på befaring i huset der Olav Sletto budde då han kom heim fra København sommaren 1909.



Mimi Falsens portrett av O. Sletto 1909.

Foto: Hol bygdearkiv

Mimi Falsens portrett av den unge Olav Sletto

I 1909 måla Mimi Falsen eit portrett av Olav Sletto, truleg medan han budde hjå syster hennar. Mimi Falsen hadde atelier i hagen hjå systera. Asker Museum skal lage Mimi Falsen-utstilling, som opnar 14. januar 2018. Diverre er dette sermerkte portrettet ikkje å finne. Asker museum vil gjerne koma i kontakt med folk som kan vita noko:

Kontakt Randi Horgen randi.horgen@mia.no

Besök på Modum Bad

På Institutt for sjelesorg ved Modum bad heng mange av Mimi Falsens måleri. Dei er gitt til instituttet av

Einar Lundby, ein av grunnleggjarane av Institutt for sjelesorg. Eva Almhjell og Eva Cecilie Sletto var der i mars 2017. Flott utstilling! Tid må avtalast for besök.

Vollen historielag

Olav og Karin Sletto budde i Vollen/Asker 1912-1917. Eva Almhjell er i spennande kontakt med Vollen historielag, som finn Olav Sletto-selskapets kunnskap om Slettos sers interessant. Meir informasjon kjem!

Per Sivle-lagets årsmøte i Flåm

Eva Almhjell var med i årsmøtet i Per Sivle-laget 1.-2. april 2017. Det viktige var å utvikle eit godt samarbeid for å få dei gløymde nynorsk-forfattarane fram i lyset. Olav Sletto er ein av dei.

Leveld Kunsnartun og Olav Sletto-selskapet

Leveld Kunsnartun held årsmøte og fest 22. april 2017 i Leveld. Innspel frå Olav Sletto-selskapet om å utvikle eit samarbeid om Hallingdals store forfattar, Olav Sletto, vart tatt inn i protokollen. Vi gler oss til det vidare samarbeid med dyktige folk i Leveld Kunsnartun!

Låsbart skåp på plass i Sletto-rommet

Olav Sletto-selskapet og Hol kommune ynskjer saman å aktivere Sletto-rommet. Ein føresetnad var m.a. å få på plass eit låsbart skåp, der vi kan stille ut spesielt verdfulle ting frå samlinga. No er skåpet på plass! Takk til Oddvar Reinton!

Boksal

Det er seld få bøker dette halvåret. Vi prioritærer digitaliseringa av Sletto-arkivet – heile året!

Nye medlemmer

Olav Sletto-selskapet gler seg over 8 nye medlemmer sidan OLAV SLETTODAGEN 2016. 4 medlemmer gjekk bort i 2016, og 4 meldte seg ut av selskapet.

Medlemskontingensten 2017 - 200 kr.

Med få unntak har alle medlemmer betalt 2017-kontingensten. Kontingensten er sjølve grunnfjellet i selskapet. Tusen takk for den støtta!

Medlemsinformasjon og nyhende blir publisert etter kvart på www.olavslettoselskapet.no

God sommar!

No livnar det i lundar og snart står hagar, åkrar og jorder med næring for auge og mage, for likam og själ, som Olav Sletto ville sagt. Styret i Olav Sletto-selskapet ynskjer alle gamle og nye medlemmer ein lysande vår og god sommar!

Vi høyrer gjerne frå dykk: eva.almhjell@gmeil.com

Tønsberg, 10. mai 2017/EA.